



Jarle Solibakke  
Totland 83  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/2026 - 16/18831

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
30.06.2016

## Førebels svar - stadfestning på at søknad er motteken gbnr 237/16 Totland

FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ LNF-FØREMÅLET OG SØKNAD OM LØYVE TIL  
OPPFØRING AV TAKOVERBYGG (TILBYGG) TIL EINEBUSTAD

**Vi stadfestar å ha motteke dykker søknad 22.06.16 og saka har saksnummer 16/2026.**

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter.

Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1). Ved større manglar vert tidsfristen rekna frå den dagen søknaden er komplett.

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

| Sakstype  | Tidsfrist |
|---|-----------|
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2, inkl. dispensasjon<br>Fristen vert avbroten i den tida søknaden ligg til uttale hos regionale og statlege mynde   | 12 veker  |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-3 og 20-4, der tiltaket er i samsvar med reglar<br>gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå<br>naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, | 3 veker   |



|  |          |
|--|----------|
| kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.  |          |
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-4, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker  |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.   | 12 veker |
| Søknad om igangsetting<br>Dersom fristen ikkje er halden kan de tiltaket setjast i gang  | 3 veker  |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.   | 3 veker  |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.   | 3 veker  |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

|                 |            |      |         |
|-----------------|------------|------|---------|
| Kålås & Sønn AS | Sauvåge 83 | 5915 | HJELMÅS |
|-----------------|------------|------|---------|

#### Mottakarar:

|                 |            |      |            |
|-----------------|------------|------|------------|
| Jarle Solibakke | Totland 83 | 5993 | OSTEREIDET |
|-----------------|------------|------|------------|